**Fra:** Kari E Natland (kari@nordhordland.net)
**Sendt:** 11.12.2014 09:02:33
**Til:** Gudrun Mathisen
**Kopi:**

**Emne:** Søknaden om å bli biosfærekandidat
**Vedlegg:** Endelig dokument med rettingar.pdf

Hei og god morgon Gudrun!
Takk igjen for innspela din til å gjere søknaden enno betre. No har vi skrive inn ein del på dei tema du foreslo. Det nye er framheva med raud skrift. Om du har tid, vil eg setje stor pris på om du las det nye (du finn det i kap 4 og 5), - det er ikkje så veldig mykje – og kome med innspel til det.

Elles så er det spennande tider no, då saka har vore gjennom formannskap i kommunane (her har samtlege kommunar gjeve positiv innstilling) og kjem opp til handsaming i kommunestyra. Slik er status i dag:

STATUS HANDSAMING I KOMMUNESTYRA I DEI ULIKE KOMMUNANE:
AUSTRHEIM: Saka skal handsamast i kommunestyremøte 17. des.
FEDJE: Samrøystes vedteke i Formannskapet. Saka kjem opp i kommunestyret 11. desember
GULEN: Saka skal handsamast i kommunestyret 11. desember.
LINDÅS: Samrøystes vedteke i Formannskapet. Skal til handsaming i kommunestyret 11. desember
MASFJORDEN: Samrøystes vedteke i Formannskapet. Saka skal opp i kommunestyret 11. desember
MELAND: Samrøystes vedteke i formannskapet 3. des. Møte i kommunestyret 17. desember
MODALEN: Samrøystes vedteke i formannskapet. Skal handsamast i kommunestyret 11. desember
OSTERØY: Vedteke i formannskapet mot stemma frå FrP (6 mot 1). Skal handsamast i kommunestyret 10. desember.
RADØY: Vedteke mot Høgre og Frp sine stemmer (5 mot 2). Skal opp i kommunestyret 11. desember.
ØYGARDEN: Saka er vedteke i kommunestyret.

Litt nervepirrande når saka kjem opp saman med budsjett som det skal kuttast i rundt om kring… Men vi er optimistiske ☺

Ønskjer deg ein god dag!
Kari ☺

Kari Evensen Natland | Nordhordland utviklingsselskap IKS
|Tlf +47 56 37 58 88 | Mobil +47 48 07 09 72 | www.nordhordland.net